



Årsmelding 2024

Foreininga Veteranbåtlaget Atløy

Styret, vald på årsmøtet 2/4-24 har hatt slik samansetning:

Leiar:	Sander Ødelien
Medlemmer:	Håkon Seim Ludvig Sandvik Margrethe Nordal Nils Jørgen Hansen
Varamedlem:	Helge Terøy
Revisor:	Deloitte & Touche
Valnemnd:	Per Grov og Trygve Refvik

Styret hadde seks styremøter i 2024. Det har ikkje vore utbetalt styregodtgjersle.

Hovudtala i økonomien:

Rekneskapen for 2024 viser eit overskot 314.471,-. Det er verd å merke seg at dette inkluderer ettergiving av lån på 1 mill frå Atløys Venner. Det er viktig å lese notene i rekneskapen.

Aktiviteten var høg, men med 64 betalte turar mot 112 turar i 2023. Cruise i Måløy litt ned til 294` på grunn av mykje dårleg vær. Bergen betydelig ned, frå 727` til 171` (Viking Cruises ute). Snitt dieselpriis 14,02 mot 13,82 i 2023 (7,82 i 2021). Totalt 1.134` i gåver/tilskot, opp 144.

Inntekter	2024	2023	2022	2021
Leigeoppdrag	943.371	1.302.036	844.066	609.667
Gåver/ tilskot				
Fylkeskommunen/RA/mva	521.929	724.125	508.243	511.757
Sparebanken Sogn og Fjordane	0	250.000	0	100.000
Sparebanken Vest	0	0	25.000	128.000
Norsk Tipping	17.680	15.978	21.099	17.058
Koronamidlar	0	0	0	276.347
Utgifter				
Sum driftskostnader	1.553.206	1.783.425	2.461.676	1.324.722
Lånesaldo				
Atløys Venner	400.00	1.400.000	902.752	0



Likestilling

Styret til Veteranbåtlaget Atløys har fire menn og ei kvinne i styret.

Drift

Foreininga Veteranbåtlaget Atløys meiner det er grunnlag for framtidig drift av båten. Atløys Venner har god eigenkapital, og kan bidra med midlar ved behov.

Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet vert rekna som godt om bord på Atløys. Det vert ikkje produsert utslepp eller anna som gjev miljøskader, og ein er ikkje regulert av konsesjonar eller miljømessige restriksjonar.

Aktivitet

Foreininga har ingen fast tilsette. Totalt vart det køyrt 64 (112) betalte turar, vi hadde 2.280 (4.203) passasjerar og 3.287 (3.718) nm utseilt. Cruisekøyring i Måløy vil ta seg opp, men dette vil gå på bekostning av aktiviteten i Bergen. Sesongstart med 4 turar for fflyktningar til Svanøy, open dag på Steinvik. Bergen i månadskiftet mai/juni og slutten av august. Seljumanamesse og cruise i juli. Fjordaferda vart igjen gjennomført med stor suksess av Avtløys Venner, som har lagt ned om lag 10.000 timar i drift og vedikehald dette året. Ned frå 8 til 2 periodar i Bergen på grunn av liten aktivitet der.

Fronten pussa ned, akseltrekk på Rubbestadneset, vinsjen til servce, ny eksos kjele. Ny bemanningsoppgave og ny stabilitetsberekning. Siste tur 30. september. Ved kai både 23/24 og 24/25 (nytt telt haust 24).

Viser elles til eiga årsmelding for venneforeininga når det gjeld drift og dugnad.

Sander Ødelien

Ludvig Sandvik

Margrethe Nordal

Nils Jørgen Hansen

Håkon Seim